




Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS om justert plassering av anlegg på lokaliteten Bøøy i Radøy kommune

Vi viser til søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS datert 11. april 2016 og oversendt frå Hordaland Fylkeskommune den 19. april 2016. Blom Fiskeoppdrett AS søker om justert plassering av anlegget på lokaliteten Bøøy i Radøy kommune slik at anlegget blir liggjande med plassering i samsvar med løyvet. Det blir ikkje flytting av anlegg, men justering av grenser. Anlegget ligg i område som er sett av til akvakultur i arealdelen av kommuneplan for Radøy kommune.

Fylkesmannen har ingen merknad til at klarert areal for anlegget blir justert til å vere i samsvar med faktisk plassering. Anlegget ligg innafor areal som er sett av til akvakultur i arealdelen av kommuneplan for Radøy kommune.

Figur 1: Noverande plassering av anlegget på lokaliteten Bøøy. Grønt felt er naturtypen «større taeskoegførekomster». Opphavleg klarert areal ligg lenger mot vest og inn i naturtypen merka med grønt. Kartutsnitt er henta frå *naturbase.no*.



Sett i høve til kartlagde naturtyper i området ser vi at det er betre at anlegget blir liggjande der det er og at det kartfesta klarerte arealet blir justert.

Samstundes vil vi peike på at lokaliteten Bøøy er mangelfullt rapportert i Altinn. Vi finn ingen rapportar frå MOM B granskingane lagt inn i Altinn. Den eine rapporten som ligg der er frå ei anna lokalitet.

MOM B-granskinga frå mars 2016 vedlagt søknaden ga ein skåre på 1,73 etter nær to års brakklegging kan tyde på at lokaliteten ikkje er eigna for akvakulturproduksjon ut frå

naturgitte tilhøve. Ved normale tilhøve burde to års brakklegging ha ført lokaliteten tilbake til naturtilstanden.

Det er gjort 5 MOM B granskingar på lokaliteten, men berre ei av desse er blitt utført med biomasse i anlegget. Granskinga frå oktober 2013 var då biomassen i anlegget var 511 tonn. Lokaliteten fekk då tilstandsklasse 3, og etter NS9410 skulle neste MOM B gransking vore gjort innan 6 månader. Neste MOM B gransking vart gjort i mars 2016, 30 månader seinare. Vi føreset at NS9410 blir følgt betre opp for framtida.

Med helsing

Ingrid Torsnes
Senioringeniør

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Blom Fiskeoppdrett AS